

Til høgskular og universitet med barnehagelærerutdanning

«Fagleg adopsjon» av studentar i den nye barnehagelærerutdanninga

I samband med arbeidet i følgjegruppa for barnehagelærerutdanning, har vi utvikla ein ide om «fagleg adopsjon» av ein student i utdanninga.

Ideen går ut på at kvart medlem i følgjegruppa – i alt ni personar – skal knytte til seg ein student som han eller ho skal følgje gjennom dei tre åra i utdanninga.

Siktemålet vårt er å få fram personlege studentforteljingar frå den utdanninga dei står midt oppe i. Slik sett skal den studenten som vert valt ut, representere seg sjølv å fortelje om sine egne opplevingar og erfaringar. Samstundes kan det på nokre tidspunkt også vere aktuelt at han/ ho som er valt ut, kan rapportere attende frå meir samla opplevingar eller erfaringar frå det kullet studenten er del av.

Følgjegruppa vil gjere fellesavklaringar på kva tema eller område vi vil at studenten skal leggje vekt på i rapporteringa si. Samstundes vil det også vere rom for individuelle tilpassingar i slik rapportering.

Metodisk vil vi basere oss på e-postutveksling med studentane. Det vere aktuelt også å få tilgang på oppgåver, praksisnotat, praksisforteljingar, refleksjonsnotat osv. som studenten skriv i løpet av utdanninga. Også type dagboksnotat frå ei studieveke vil vere aktuelt å bruke undervegs i arbeidet. Nærare avklaringar omkring dette vert gjort med studentane direkte.

I tillegg vil vi invitere dei ni studentane til årlege dags møte med følgjegruppa der fokusintervju på utvalde tema vert gjennomført.

Følgjegruppa skal besøke alle institusjonane i veke 9 – 15, (sjå eige brev). Under dette besøket vil "fadderstudenten" og medlem av følgjegruppa som har ansvaret for han/ho, møtast og avklare nærare kva vi ynskjer med den fageleg fadderordninga

Denne måten å få fram studentstemmene på, skal ikkje erstatte større og kvantitative studentundersøkingar som naturlegvis også følgjearbeidet skal gjennomføre i løpet av fireårs perioden.

I utveljinga av studentar har vi teke fleire omsyn. Vi vil ha studentar av begge kjønn, noko ulike aldrar, studentar frå ulike studieordningar: ordinære heiltidsstudentar, deltidsstudentar, studentar på arbeidsplassbasert utdanning. I tillegg skal studentane skal så

godt det let seg gjere, vere spreidde over heile landet og også representere variasjon i dimensjonen by og land.

Med bakgrunn i dette vil vi at institusjonen dykkar plukkar ut ein student på utdanninga dykkar som vil stille seg til rådvelde for arbeidet vårt.

Studenten som seier ja til oppdraget får ein Ipad Mini som påskjønning for arbeidet.

Frist for tilbakemelding på dette er 10. januar 2014.

Som ein start ber vi studenten skrive ei halv A4 side om seg sjølv – med kontaktopplysningar – og sender dette på e-post til:

Svein Ole Sataøen
Senter for utdanningsforskning
Høgskolen i Bergen
Norge
Tlf: 0047 55 5788
sos@hib.no
<http://www.hib.no/senter/suf/personer/svein-ole-sataoen.asp>

Takk for hjelpa.

Med helsing

Mimi Bjerkestrand
Leiar for følgjegruppa for ny barnehagelærerutdanning

Svein Ole Sataøen
Leiar for det faglege sekretariatet for følgjegruppa